

78. årgang - nr. 1. 2022. Tryggheim skular

Tryggheimhelsing



TID s. 4-5

Meiningsfull
fritid s. 6-7

Mindre jærsk
og meir bymål s. 14

JOAKIM BLEI GLAD I DEN KRISTNE BOKA

I vekeinfo til Tryggheim-tilsette delte eg nyleg lenke til to oppslag i avisa Dagen, både *Ti grunnar til å lese kristne bøker* og historia om Joakim Solbakken. Som ungdom strevde han med konsentrasjonen, men ei oppbyggingsbok for vaksne gjorde han til lesehest! Det var boka «I møte med Jesus» av Johnn Hardang.

Gjermund Viste // Rektor



Fleire sette pris på at Dagen (31.01.22) slo eit slag for den kristne boka. Vi treng å løfte fram den gode boka og god kristen litteratur.

Om få veker skal vi ha bokkafé på Tryggheim der det blir i samband med eit kveldsmøte, med anbefalingar av god kristen litteratur, etterfølgd av bokkafé med gjærbakst, utlån og sal av bøker! Dette året får vi besøk av ein forfattar, nemleg Ove Eikje. Han har skrive boka «Da Gud grep inn». 18 personar fortel sine vitnemål. Den vil han selje denne kvelden - til inntekt for misjonsarbeid.

Men kvifor lese kristen litteratur? Johannes Kleppa svarar slik: «Det kan gje djupare innsikt i Guds ord, vera til hjelp i kristenliv, skapa misjonsengasjement, gje kunnskap som kan vera til hjelp med tanke på å tenkja rett og leva rett i dagens samfunn – og mykje meir.»

Ti andre svar får du frå ungdommen Joakim Solbakken (24 år). Poenget hans er ikkje å lesa så veldig mykje, men litt i periodar. Her er kvifor i forkorta versjon:

- Erfaringar:** Ein kristen vil møta godt og vondt i livet. Å få del i andre sine erfaringar kan vera til stor hjelp i eige liv.
- Fellesskap:** Den kristne trua er ikkje eit soloprosjekt. Gjennom bøker kan dei fleste finna nokon å identifisera seg med.
- Forankring:** Den kristne litteraturhistoria er to tusen år lang. Som Sigrid Undset påpeikte «*forandres vaner og skikker: Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager.*»
- Opplevelingar:** Det finst eit enormt spekter av litteratur bore av kristen tenking - alt frå romanar til biografiar, reiseskildringar og lyrikk.
- Kristent språk:** Kristen litteratur gir hjelp til å setta ord på livet vi lever og erfaringane vi gjer i eit kristent perspektiv.
- Dørropnarar til Bibelen:** Den udiskutable hovudboka for alle kristne bør vera Bibelen. Samtidig kan kristne bøker gi uvurderleg hjelp til å forstå kva Bibelen faktisk fortel.
- Breiare horisont:** Alle menneske er seg sjølv nærest. Å lesa kristen litteratur med ei viss breidd utvidar synsfeltet. Korleis ser verda ut for trussøskens?
- Refleksjon:** Den kristne trua er samtidig såre enkel og uendeleg kompleks. God kristen litteratur gir truande større djupne i eige liv og meir innsikt.
- Korrektiv:** Alle er barn av si tid og prega av kor ein lever. Vi er både nærsynte og har blinde flekkar. God kristen litteratur kan vekkja oss frå sløve tankar og pensa oss ut av usunne tankebanar.
- Inspirasjon:** Mange har erfart at god kristen litteratur kan gi både glede og gnist når det elles går trått.



Forsidebildet: En flott dag i bakken på leirskole i Sirdal med 1ST og 1EL.
Benjamin Trygve, Benjamin og Filip.
Foto: Anne-Berit G. Aanestad

Redaksjonskomité:
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Sofie Braut
Henrik Foss
Knut Handeland
Sondre Svensen
Bjørg Topnes
Martin Steinskog (ungdomsskolen)


Kasserer: Elisabeth Krogdal

E-post Tryggheim skular:
post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk og layout:
Synkron Media AS, Birkeland





Lys i mørket

Ole Christian Wold Haavik // IKT-ansvarlig


Trolig var det strategiske årsaker til at våre kirkefedre slo sammen den hedenske midtvinterfeiringen jul med feiringen av Kvitekrist sin fødsel. Er det ikke flott at det nå etter julefeiringen og solsnu igjen går mot lysere tider? Hele menneskeheten gikk mot lysere tider når Gud for ca 2000 år siden sendte sin sønn ned til jorden og valgte å offre han for at vi skulle kunne få en vei til en evighet. DET gjorde virkelig susen og gav lysere tider for hele jordens befolkning, og ikke bare for oss på den nordlige kulehalvdel. Det passer helt 100 % å feire dette med blant annet pyntelys ute og inne midt i den mørkeste tiden!

Nå håper vi også at det korona-mørket som har sivet inn og kuet oss i to år, skal slippe taket, og at vi igjen kan leve som før det kom. Dette med håp er jo vi kristne ekstra flinke til. Vi vet jo ikke, men vi håper at det er sant.

Vitenskapen vet ting (sier de i alle fall), men vi kristne - vi håper også. Håpet er at det finnes tilgivelse for alt det gale vi har gjort, kommer til å gjøre og at det offeret som Jesus gjorde da han døde på korset ER nok. Vi vil få adgang til en evighet i Himmelten sammen med Jesus,

Gud og våre forfedre som også levde og døde i håpet.

Sats på lyset!



TID

Me har tatt med oss familiene på tidenes eventyr – tre månader i Kenya! Ungane går på den norske skulen i Nairobi, og me vaksne har undervisning om ulike tema, blant anna ekteskapskurs, bibelundervisning, bønn, misjon og mykje meir! Me bur på «tomta», dvs. NLM si tomt i Nairobi, ein utruleg god plass å bu for både store og små. Me er sju familiar som er her på TID - tid saman og tid med Gud, og me har definitivt fått meir tid på begge desse områda.

Kvardagane består av skule fram til kl. 14.00, og på ettermiddagane er det ulike aktivitetar som bading, fotball, bibelgruppe m.m.

Ein dag i veka er dei vaksne og ungdommane i slummen. Det vert mange sterke møte i heimane, der me får gje litt mat og dele eit bibelvers. Dette er folk som ikkje klarer betale husleiga og må be om hjelp til dette, eller som ikkje har mat, og må sende ungane på skulen utan mat.

Elles har me vore på safari og telttur. Telta slo me opp ca. 30 meter frå der flohestane kom opp på kvelden. Straumgjerde var der, men ikkje alltid var straumen skrudd på. Nokon vakna på natta når flohestane krangla, andre sov lett gjennom dette.

Nå har me akkurat kome heim frå misjonstur til Pokot. Nok eit eventyr! Der hadde me base i Kapenguria, og me fekk besøkt misjonsstasjonane i Chesta og Propoi. Laurdag var me på marknad der familien Moskvil kjøpte ei geit som dei gav som kollekt på søndagens gudsteneste. Stor stas med ei geit bak i bilen på den 2,5 times turen tilbake til basen, i tillegg til to hanar. Hanane tok me med oss til kveldsmat på søndagen. Då fordelte me oss i ulike heimar og overnatta lokalt, i jordhus. Her fekk me sjå korleis livet på landsbygda i Kenya er. Før ein kan ete middag, må hanen slaktast, ribbast og så kokast. Mens denne kokte, fekk me lære å lage

'chapati', ei slags pannekake, utruleg godt! Etter eit par timer med matlagning, var festmåltidet klart! Det ryktast fort at det var «mzungu» (kviting) på besøk, så heile nabologet samla seg i tuna der me var. Ungdommane viste bilete frå livet i Noreg, andre spelte fotball, mens andre koste seg rundt bålet. Utruleg gjestfrie folk, som åpnar heimane sine, og lagar festmåltid til oss. Det er eit hardt arbeidande folk. Vatn må dei hente, og skal dei nokon plass, går dei til fots. Straum finst ikkje, så bilbatteri fungerer for å få litt lys i mørke jordhytter. Ingenting er lettvint her, men for ein smilande gjeng! Brør og systrar i Jesus! Rikt å få treffe denne gjengen.

Store og små har fått nye, gode venner. Mange kveldar blir tilbrakt rundt bålet, der det blir delt både latter og tårer!

Me får minne for livet.

På familiemøta har me lært ulike bibelvers og songar, og eitt av desse vil me dele med dykk:

«For Menneskesonen er komen for å leita etter dei bortkomne og berge dei.»

Luk. 19,10.

Vi anbefaler alle eit opphold på 'TID familie' eller 'TID vekst'!

Helsing

Familien Moskvil og
familien Dyrøy

Harald J. Dyrøy og Ragnar Moskvil er lærarar på Bygg- og anleggsteknikk, Anna L. Dyrøy er internatarbeidar og Kristin Moskvil har vikariert i resepsjonen på Tryggheim vgs.



Hus i slummen



Ekteskaptid



Ungane og geita



Fam Moskvil



Masailand



Anna lagar 'chapati' på heimebesøk i Pokot



Ragnar og geita



Harald (t.v.) og Ragnar i Pokot



Slum

nr. 01 - 2022 // 5

Meiningsfull fritid

Tekst og foto: Knut Handeland



Elias med dreiebenken



Eilivs knivar

Tryggheim har mange organiserte fritidsaktivitetar for dei som vil meir enn å slappe av mellom skuleslutt og frukost dagen etter. I tillegg går det an å finne på ting på eiga hand, vidareføre hobbyar ein har frå før eller oppsøke interessante tilbod i lokalmiljøet.

Handverk og brukskunst

Dei tre kameratane Sam, Elias og Eiliv har stor glede av å skape ting i skjeringspunktet mellom handverk og brukskunst. Eiliv Solbakken (Vg2 tømrar) begynte å lage knivar på ungdomsskulen, og på snikkarverkstaden er det gode høve til å eksperimentere seg fram til skaft med ulike trekombinasjonar.

Der ingen skulle tru at noko kunne ha ein dreiebenk

Som den første i Tryggheim-historia har Elias Stenbråten (Vg1 bygg- og anleggsteknikk) frå Stord sin eigen metalldreiebenk på rommet. Mange, ikkje minst han sjølv, vil seie at den lagar langt vakkra lyd enn for eksempel eit gjennomsnittleg trekkspel. I benken dreier han ringar i ulike metall med innfelte mineralfragment i alle slags fargar. Etter pussing og polering skin og glinsar det vakkert som frå eit nypynta juletre i ein filmatisert barndomsdraum. Han har også dreidd ringar i kombinasjonen tre og metall. Elias er ikkje framand for å ringe inn eit sal, og i alle fall i eitt tilfelle selde han ringar som blei nytta i frieri med godt resultat. Ho sa ja.

Ikkje rike, men friske og lukkelege

Saman har dei tre kameratane lært seg å smi jern i ei smie på Ålgård. For Sam Rese (Vg2 elektro) sin del enda det opp med ei jernutgåve av dei tre bukkane Bruse på veg til setra for å gjere seg feite. Sam, Elias og Eiliv har førebels korkje blitt feite eller rike på vegen til si seter, men beitar villig saftige stykke skaparglede på ferda dit.



Ringar



Eiliv, Sam og Elias



Dei tre bukkane Bruse

Visste du at...

Silje Koland Hageland (ST 13-16, miljøarbeider 17-18) og Bjarte Eide giftet seg 17. juli

Kjell Ove Særheim (ST 12-15) og Linda Østefjells giftet seg 18. desember

Grethe Obrestad (HO/PB 16-19) og **Paul Espeland** (BA 12-14) giftet seg 8. januar

Sigurd Siqveland Morstøl (BY/PB 13-16) og Hanna Andersen giftet seg 12. februar

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).



Trekkspelaren frå Trøndel

Når tilsyn ber Alfred Kvendset (16) om å dempe musikken på rommet, kjem ikkje lyden frå eit stereoanlegg.

Tekst og foto: Henrik Foss

Alfred frå bygda Vanvikan i Trøndelag flytta inn på skuleinternatet Austheim då han begynte på Vg1 elektro og data teknologi ved skulestart. Etter haustferien flytta knappetrekkspelen hans inn på rommet.

- Eg hadde ein spelepause mens eg gjekk i tiande klasse, men fann fram instrumentet igjen etter haustferien 2021, seier Alfred.

Trekkspelar sidan andre klasse

Trønderen avkreftar at instrumentet hans blei leigd ut som naudrespirator på sjukehuset i Levanger under spelepausen hans. Årsaka til opphaldet handla om at storebroren hadde flytta heimanfrå.
- Sidan broren min hadde flytta ut og eg ikkje kunne spele trekkspel med han, tok eg ein pause. Eg mista motivasjonen, seier Alfred.

Trønderen starta å spele trekkspel då han gjekk i andre klasse. Søskena hans trakterte kvar sitt instrument, og Alfred ønskte å lære knappetrekkspel som storebroren.
- Frå andre til niande klasse var eg elev i kulturskulen. Eg spelte mellom anna i eit band med cirka 15 medlemmar som heitte Stjørdal trekkspelklubb, som stilte opp på 17. mai-arrangement, sjukeheimar og fleire andre tilstellingar i kommunen, fortel Alfred.

Speleoppdrag på Tryggheim

Trekkspelaren spelar ofte sjangrane polka, vals og reinlendar. I løpet av tida på Tryggheim har han deltatt på to arrangement. Før jul opptrødde han på peparkakefestivalen til tilrettelagt avdeling og Vg1 elektro og data teknologi i møtesalen. Då besökshelga blei arrangert i februar, sørgde Alfred for levande musikk til stolleiken i gymsalen.

Etter innetida på internatet hender det at tilsyn ber elevar dempe musikken frå stereoanlegget. Når Alfred har tatt fram trekkspelen etter klokka 23, har han fått tiltale frå tilsyn.

- To gongar har tilsyn bedt meg dempe musikken. Det skjedde mellom anna då eg skulle øve til peparkakefestivalen ein sein kveld i desember, seier han.

På naborommet til Alfred bur Isak Brattgjerd (17). Begge går Vg1 elektro og data teknologi og kjem frå Trøndelag, men kjende ikkje kvarandre før dei begynte på Tryggheim i haust.

- Sjølv om eg har ein nabo som spelar trekkspel, er husleiga verken høgare eller lågare samanlikna med andre rom, seier Isak som har blitt ein god kamerat av Alfred i løpet av tida på Tryggheim.



At Alfred Kvendset spelar trekkspel, gir verken



Austheim-nabo Isak Brattgjerd er på besøk hos

lag



høgare eller lågare husleige for nabo Isak Brattgjerd.



Alfred Kvendset og lyttar til trekkspeltonar.



Alfred opptredde på ein peparkakefestival i møtesalen for elevar på tilrettelagt avdeling og Vg1 elektro og datateknologi.



Alfred tok ein trekkspel-pause i tiande klasse. Etter haustrferien flytta instrumentet inn på rommet hans på Austheim.

Bilder fra våren




Akvarium
Biologiklassen har laget sine egne akvarier – ikke for gullfisk, men for reker!



► Her blir innsamlede effekter rett fra naturen flott dandert i glasskarene med lysarmatur.



► Og her kan Andreas og Andrea stolt vise frem resultatet – flotte boliger for reker som skal vokse og bli mange!




Utfordringstafetten har startet!

Stadig nye utfordringer gis til både elever og personale om å gjøre de sprøeste ting for å skaffe penger til misjonsprosjektet.

Her har Vg1-elevene Ida Indrebø og Kaisa Brautatt utfordringen fra Sophie Caraman, også Vg1, om å gå fra maccen (McDonald's, red. anm.) på Klepp til Tryggheim for å handle etter medelevers bestilling. Oppdraget ble vel utført, og med 25 bestillinger i sekken gjennomførte de to den over 1,5 mil lange turen på 2 timer og 45 minutter til fots - iført haikostymer!

Tømrer-klassene får 170 nye kvadratmeter!

Vg2 anleggsteknikk-elevene våre har gravd, lærer Torbjørn og Vg1-elevene hans har støpt grunnmuren, og utover våren skal Vg2 tømmer-elevene fullføre bygget utvendig. Vi ser frem til nytt undervisningslokale til Vg2 tømmer, og kommer nok tilbake med flere bilder etter hvert som anlegget tar form. Selvgjort er vel gjort!



Limpresse

Her utføres liming av plater til TV-benk. Arbeidsbeskrivelse fra faglærer: «Sitt helt stille i ti minutter.» Elevene Adrian Myhre, Erik Apneseth, Magnus Herredsvela og Nicolai Aandal i 1BA utførte oppgaven eksemplarisk.



Alt blir greit!

Testing, testing! Livet som lærer i pandemitider har vært interessante, og tidvis krevende, greier.

Tekst: Martin Steinskog

Jeg var og så Spider-Man på kino her om dagen. Faste, tilviste seter. Eller. Tilvist og tilvist, fru blom. Jeg måtte nå en gang finne setet mitt selv. Mens jeg satt der med kohorten min på 200 mann, slo det meg at kommentaren til Spider-Mans kjæreste «MJ» egentlig var utrolig treffende for tiden vi lever i: «*Hvis du forventer skuffelse, kan du aldri bli skikkelig skuffet*» (Fritt oversatt - takk til Kjartan Håland for 4'er i engelsk)

Nå er jeg i utgangspunktet en som ser de fleste glass halvfulle, foruten de jeg selv fyller helt til randen. Den siste innspurten med koronatilværelse tøret likevel mer på min positivitet enn jeg hadde trodd. Godt mulig det var fordi jeg daglig gikk og ventet på negative svar. Hvem skulle trodd at lærerens nye hverdag skulle bestå av forvokste Q-tips, sprit og trafikklys?

Like før jul ble jeg satt i fritidskarantene. Rare greier, det der. Her har jeg akkurat satt min egen datter i husarrest for å male den hvite bilen til far blå, så blir jeg selv satt i husarrest for å være lærer. Hva jeg gjorde i denne tiden, spør du? For det meste så spiste jeg. Det kom til et punkt der selv knappene på skjorten min begynte å praktisere sosial avstand.

Tilbake på skolen kunne jeg endelig være sosial igjen. Det var utrolig befriende å kunne samles og snakke om helt vanlige ting. Vi

oppdaterte oss på karanteneregler, hva begrepet «tilsvarende nære» egentlig betyr, og ellers stort og smått om pandemien. Er det et problem jeg håper vår nye regjering virkelig tar tak i, er det hva vi alle skal snakke om den dagen korona er ute av livet vårt for godt. Her ønsker jeg handlings- og tiltaksplaner presentert. Gjerne på en tidlig annonsert pressekonferanse der alt lekkes til pressen ett døgn før.

Jeg er ikke helt sikker, men jeg tror reglene mot slutten var noe som dette:

1. Var du nærbemann med en som hadde to eller tre doser med Pfizer, trengte du kun karantene dersom du hadde vært symptomrik, hadde positiv test og negativ tilnærming til livet.
2. Hadde du derimot positiv tilnærming til livet, holdt det med fritidskarantene frem til gult nivå hadde vært virkekraftig i tre dager etter forrige positive PCR-test (forutsatt negativ hurtigtest og positiv skoleledelse)
3. Hadde du en eller flere Astra Zeneca-doser, burde du unngå røyking og McDonalds, med mindre du hadde ansiktsmaske som dekket både munn og livsforsikring.

Har du korona?

Ja = Reis til Klepp ASAP

Nei = Vent til du får det

Vet ikke = Ikke jeg heller

For sikkerhets skyld laget jeg et personlig flytskjema som jeg hadde hengende over pulten min:
Har du korona?

- ☞ Ja = Reis til Klepp ASAP
- ☞ Nei = Vent til du får det
- ☞ Vet ikke = Ikke jeg heller

Det skal likevel nevnes at for oss introverte var jo tidvis karantene, isolasjon og sosial avstand rene høytiden. «Hva skal jeg ha på meg på sofaen i kveld, mon tro?» Likevel var du ikke unntatt risikoen ved å bare gå hjemme og trø. Her om dagen fant jeg en test hjemme. Den hadde to streker. Jeg hadde vært i nærbemann med min kone. Det var et sjokk for oss, men det var heldigvis ikke behov for smittesporing.

Jeg registrerte at flere mente det var i grenseland å tulle med korona mens det sto på for fullt. Det var akkurat som om de opplevde det hele som ... smakløst. Jeg skjønner at tiden vi har lagt bak oss har skapt mye usikkerhet.

Pressemelding:

Tverrfaglig varmmat til folket!



Avslutningsvis ønsker jeg derfor å komme med en oppmuntring til deg som fortsatt kjenner på denne usikkerheten: La masken falle! Jeg tror timingen er bra nå. Charter-Svein bommet på timingen, men merk mine ord: Tiden for at masken kan falle er nær. **Alt blir greit!**

Helt til slutt ønsker jeg å avslutte med et (noe omskrevet) kvad fra Olav H. Hauge. Dette til inspirasjon.

DET VAR DEN DRAUMEN

*Det var den draumen me bar på
at noko vedunderleg skulle skje,
at det skulle skje –
at samfunnet skulle opna seg
at antallsbegrensninger skulle auke seg
at fritidskarantene skulle utsletta seg
at ein strek skulle visa seg.*

Kristine Pedersen, som tar videreutdanningen «Mat og helse 2 – entreprenørskap i skolen» på UiA, går i bresjen for et helt nytt prosjekt på Tryggheim. Et prosjekt til stor glede for hele ungdomsskole-folket. «Skolehagen Snack SB» etablerer seg på Tryggheim ungdomsskole! Fredagene i uke 10-14 vil det dermed bli servert mat og godsaker i kantinen i lunsjen.

Valgfaget «Innsats for andre» skal også få spille en stor rolle i dette prosjektet. Gjennom disse fem ukene skal de tjue elevene planlegge, produsere og servere måltidene. I tillegg skal de være med på å markedsføre og skape gode rammer i kantinen. Vi vektlegger høy grad av samarbeid og trivsel i dette prosjektet. «Dette er et prosjekt vi ser frem til å bidra på», uttaler lærer for valgfaget, Martin Steinskog. «Jeg har stor tro på tverrfaglig samarbeid, spesielt når det innebærer mat.»



Etter flere runder med tøffe forhandlinger, ble kontrakten endelig signert. Til stor glede for hele ungdomsskolen

Prosjektleder Kristine ser frem til å bidra med gode smaker og mye glede. «Poenget med prosjektet er jo også at elevene skal få et kjennskap til – og se verdien i – å handle bærekraftig og lokalt. Jeg er veldig takknemlig for alle samarbeidspartnere som bidrar i prosjektet. Målet er at de lokale støtter oss, og at vi igjen kan støtte de lokale tilbake.» Hun har fått med seg flere store, lokale navn som samarbeidspartnere. «Den Stolte Hane», «Jerseymeieriet», «Ystepikene», «Håland Kjøtt» og «Vadland gardsutsalg» har alle sagt seg villige til å bidra. «Jeg håper at når vi får god drahjelp av lokale bidragsytere, kan det resultere i at elever og lærere ser verdien av å støtte lokalt tilbake.»

Dette resulterer i at Kristine og «Innsats for andre» kan komme til å friste med blant annet kyllingwraps, milkshake, cupcakes, vårruller og pastasalat i de kommende ukene. Innovativ som bedriften er, tar de både Vipps og kontanter.

For mer informasjon, og fristende bilder, følg «Skolehagen Snack SB» på Instagram!

Mindre jærsk og meir bymål

Teks og foto: Bjørg Topnes

Talemålet til ungdommen blir stadig meir prega av bymålet. Det meiner 1STb-elevane Hallvard Laland frå Frøyland og August Kleppe Opstad og Henrik Nese frå Orstad. Saman med resten av trinnet har førsteklassingane undersøkt om det skjer endringar i talemålet på Jæren, og særleg i heimbygda. Resultatet har dei presentert i ein podcast.



Hallvard, August og Henrik brukte mobilen til å gjera opptak av podkasten

- Me har jo enno dei typisk «blaude» konsonantane her på Jæren, som i «pinnakjød». Men det er andre forskjellar. Dei eldre seier «fjedl», mens eg heller seier «fjell», fortel August.
- Ein annan forskjell er at kj-lyden er på veg ut. I staden kjem sj-lyden. Det er blitt vanskeleg å høyra forskjell mellom sjuende og tjuende, seier Henrik.
- Me unge snakkar meir som i byane no. Frå Orstad er det lett å dra inn til Sandnes, og det kan vera ei årsak til at talemålet vert regionalisert, meiner Henrik.

- Han frå Ganddal som me intervjua, snakka meir likt oss frå Frøyland-Orstad enn han på Nærbø, forklarer Hallvard.

Dei tre sekstenåringane har intervjua både besteforeldre, foreldre og jamaldringar for å finna ut kva som har skjedd på ein og to generasjoner.

- Dei eldre held på talemålet sitt, og det er hos dei unge me ser endringane, meiner Hallvard.
- Til dømes er svarabhabitivokalen på veg ut. Dei eldre fyller gjerne ut med -e på adjektiva, slik som i «go'e», men det gjer ikkje ungdommen lenger.

- Funna var ganske som forventa. Me ungdommar blir påverka av mange forskjellige ting, slik som sosiale medium. Eg tippar det er noko av årsaka, seier Henrik.
- Dessutan brukar ungdommen fleire engelske ord. Kanskje det er fordi me ser fleire videoar med engelsk tale.

Sjølv om gutane møter folk frå mange kantar av landet på Tryggheim, er dei ikkje veldig oppteke av ulike talemål.

- Ikkje veldig oppteken av det, nei, men når me legg merke til at nokon seier noko annleis, kan me ta det opp i samtalten, fortel Henrik.
- Det er jo naturleg at det blir endringar, men eg vil likevel halda på dialekten min, held han fram og nemner at dialektfavoritten hans er jillt.

August held ein knapp på dialektordet jedna.

- Eg likar godt jærsk og har lyst til å halda på det, men merkar sjølv at det vert litt endra. Dessutan kan eg godt legga om viss eg snakkar med folk frå andre stader.
- Det er jo greitt å halda litt på dialekten og ikkje forandra for mykje, avsluttar Hallvard.



Tre favorittglosser på tysk

Tekst og foto: Gunhild Obrestad



Engel. Fordi det er fint å tenke på at dei finst, og at dette ordet, som så mange andre, er heilt likt på norsk som på tysk.

Brötchen. Det tyske ordet for «rundstykke». Er eigentleg eit lite brød (Brot). Om ein legg til adjektivet «frisches» høyrest det så ferskt ut! Nybakt, velduftande og med «knusprig» skorpe. På tysk kan ein seie at noko er lite ved å setje -chen på det meste. Hänchen (kylling), Rotkäppchen (vesle rødhette) og Gretchen (vesle Grete).

nett. (adjektiv) Fordi det er eit så kort og enkelt ord og tyder noko så fint som at ein person er hyggeleg, vennleg, elskverdig og grei å vere i lag med. Det har ein koseleg klang, og har ingenting å gjøre med verken internett, handlenett eller at noko nett har skjedd.

Tryggheimkalender

MARS

Lør. 12.: Tryggheimbasar

APRIL

Man. 11. - man. 18.: Påskeferie


Man. 25. Misjonsløp

MAI

Fre. 27. Fridag

JUNI

Fre. 10. Avslutningsfest (Vg2 og 3)



Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærø



Alternativt brettspel


Gutane ser kanskje ut som ei kollokviegruppe der dei sit med bøker, penn og papir, men gjengen driv med rollespel.

Tekst og foto: Henrik Foss

Brettspel er ein vanleg aktivitet for elevar som går på Tryggheim. Kvartetten på bildet driv rett nok med ei meir utradisjonell form for brettspel, som ber namnet Dungeons & Dragons. Rollespelet går ut på at kvar deltagar lagar ein eigen karakter med eiga bakgrunnshistorie. Det går an å kjempe mot kvarandre, men kvartetten spelar i staden på same lag. Om lag ti elevar på Tryggheim driv med rollespelet.



Bøker, skrivebøker, penn og terningar høyrer med når elevane kører i gang rollespelet Dungeons & Dragons.



Olav Vatland (t.v.), Krister Andreas Van-Vliet, Roald Rasmussen og Peter Starheimsæter driv med rollespelet Dungeons & Dragons cirka ein gong i veka.